



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 40

(2000-2001)

---

Om løyving for 2001 knytt til førebuing  
av tilrødde tiltak i St.prp. nr. 36  
(2000-2001) Eierskap i Statoil og  
fremtidig forvaltning av SDØE

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 19. januar 2001,  
godkjend i statsråd same dagen.*

## 1 Innleiing

I St.meld. nr. 37 (1998-1999) Tillegg til St.meld. nr. 46 (1997-98) vart det informert om at Olje- og energidepartementet hadde sett i gang ei vurdering av staten sitt engasjement i petroleumsverksemda, herunder staten sitt direkte økonomiske engasjement (SDØE) og Den norske stats oljeselskap a.s. (Statoil).

Det vart våren 1999 vedteke å utvide dette prosjektet og gjennomføre ei grundig og meir omfattande vurdering av framtidig utvikling av det statlege engasjementet. Stortinget løyvde i 1999 15 mill. kroner på kap. 1800, post 21 til prosjektet, jf. St.prp. nr. 80 (1998-99) Om tilleggsbevilgning til særlig rådgivning i forbindelse med utforming av statens engasjement i petroleumsvirksomheten og Innst. S. nr. 218 (1998-1999). I 2000 vart det løyvd 10 mill. kroner til vidareføring av dette arbeidet, jf. St.prp. nr. 61 og Innst. S. nr. 220 (1999-2000).

Det har vore naudsynt å vurdere ei rekkje spørsmål knytt til staten sitt engasjement, i hovudsak framtidig eigarskap i Statoil, behovet for ei restrukturering av SDØE, framtidig ivaretaking av SDØE, herunder framtidig avsetjing av staten sin petroleum samt ei viss omorganisering i transport av gass. Fleire modellar, alternative løysingar og konsekvensar er gjennomgått og vurdert. Saka er klargjort frå ulike innfallsvinklar. Det er gjennomført eit omfattande utgreiings-, analyse- og vurderingsarbeid.

Olje- og energidepartementet har hatt hjelp av rådgjevarar med høg kompetanse i finansielle, strategiske og juridiske spørsmål. I tillegg har departementet fått utført enkeltståande utgreiingar frå ulike konsulentar. Arbeidet frå rådgjevarane og andre konsulentar har vore avgjerande for å kunne etablere eit best mogleg avgjerdsgrunnlag for regjering og Storting.

Første fase av utgreiingsarbeidet er no ferdig. Den 15. desember 2000 la regjeringa fram si tilråding til vidareutvikling av det statlege engasjementet i petroleumsverksemda, i St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE. Regjeringa tilrår i denne proposisjonen mellom anna:

- endring av eigarstrukturen i Statoil og børsnotering av selskapet,
- restrukturering av SDØE (sal av utvalde eigardelar til Statoil, Norsk Hydro og andre),
- ny ordning for ivaretaking av SDØE - oppretting av eit nytt selskap som skal forvalte SDØE-porteføljen,
- oppretting av eit nytt selskap for transport av naturgass.

På tidspunktet for framlegginga av proposisjonen var det ikkje mogleg å seie kor store utgifter og inntekter tilrådingane ville medføre. Regjeringa informerte om at budsjettkonsekvensane ville verte lagt fram for Stortinget når desse var nærare avklarte tidleg i 2001.

Regjeringa legg med dette fram delar av budsjettkonsekvensane for 2001 knytt til dei tilrådde tiltaka i St.prp. nr. 36 (2000-2001).

Det må understrekast at det ikkje er mogleg å seie eksakt kor store utgifter og inntekter tiltaka vil innebære. Dette mellom anna fordi det er nokre avgjersler som må takast nærare opp mot tidspunkta for transaksjonane som

har utgifts- og inntektsverknader og fordi kontraktsvilkåra med alle rådgjevarane ikkje er forhandla ferdig.

Regjeringa vil i denne omgang be Stortinget om ei løyving på 135 mill. kroner for å dekkje utgifter til førebuing av dei tilrådde tiltaka i St.prp. nr. 36, inkludert utgifter til egne rådgjevarar og utgifter knytt til førebuing og sal av SDØE-eigardelar.

Budsjettkonsekvensane knytt til sjølve opprettinga og drifta av det nye selskapet som skal forvalte SDØE-porteføljen, utgifter til opprettinga av det nye selskapet for transport av naturgass og utgifter og inntekter i samband med aksjesal og børsnøtering av Statoil, vert lagt fram for Stortinget på eit seinare tidspunkt.

## 2 Utgifter

Det er grunn til å understreke at det er ei stor oppgåve å førebu og gjennomføre dei tilrådde tiltaka i St.prp. nr. 36 (2000-2001). Tiltaka inneber vesentlege utgifter. Dette omfattar;

*Utgifter som staten åleine skal dekkje*

- a) Utgifter til førebuing, inkludert norske og internasjonale rådgjevarar og utgifter knytt til førebuing og sal av SDØE-eigardelar.
- b) Utgifter knytt til oppretting og drift av det nye selskapet som skal forvalte SDØE-porteføljen og til oppretting av det nye selskapet for transport av naturgass.

*Utgifter som skal delast mellom staten og Statoil*

Utgifter i samband med aksjesal og børsnotering av Statoil omfattar i hovudsak provisjon til tilretteleggjarane, samt utgifter til marknadsføring og andre transaksjonsutgifter. Dersom staten sin eigardel reduserast ved ein kombinasjon av utferding av nye aksjar (emisjon) og sal av delar av staten sine aksjar, skal utgiftene fordelast mellom staten og Statoil relativt sett i forhold til grad av emisjon og nedsal. Fordelinga av utgiftene skal regulerast i ein eigen avtale mellom staten v/Olje- og energidepartementet og Statoil.

*Utgifter som Statoil skal dekkje*

Dette omfattar mellom anna Statoil sine utgifter til interne førebuingar, inkludert selskapet sine eigne rådgjevarar og andre spesielle utgifter som det er naturleg at selskapet dekkjer. Desse utgiftene er ikkje omtala i denne proposisjonen.

### **2.1 Staten sine utgifter, inkludert utgifter til Olje- og energidepartementet sine rådgjevarar og utgifter til førebuing og sal av SDØE-eigardelar**

---

Olje- og energidepartementet må ha eit rådgjevarapparat i tillegg til intern kompetanse for å sikre ivaretaking av statlege omsyn i forhold til dei tilrådde tiltaka. Norsk og internasjonal juridisk, strategisk, finansiell og revisjonsfagleg ekspertise må hentast inn for å hjelpe departementet i prosessen.

Det er behov for ytterlegare norsk og internasjonal ekspertise i forhold til førebuing og sal av SDØE-eigardelar, ikkje minst geofagleg ekspertise til rådgjeving og sertifisering av SDØE-eigardelane.

Utgifter knytt til sjølve opprettinga og drifta av det nye forvaltarselskapet for SDØE og utgifter til oppretting av det nye selskapet for transport av naturgass vert ikkje nærare omtala i denne proposisjonen. Budsjettkonsekvensane knytt til desse to selskapa vert lagt fram for Stortinget på eit seinare tidspunkt.

### 2.1.1 Rådgjevarar i prosessen

#### *Juridisk ekspertise*

Olje- og energidepartementet har engasjert nasjonal og internasjonal juridisk ekspertise.

Dei internasjonale juristane vil særleg ha ei sentral rolle ved val av tilretteleggjarar, ved inngåing av kontraktar og ved oppfølging av alle juridiske aspekt under førebuing og gjennomføring av aksjesalet og børsnoteringa av Statoil. Dei norske juristane vil i større grad ha ei sentral rolle i forhold til førebuing og sal av SDØE-eigardelar og oppretting av dei to nye selskapa, men også i forhold til børsnoteringa av Statoil, mellom anna ved utarbeiding av prospektet.

#### *Strategisk/finansiell ekspertise*

Olje- og energidepartementet har også videreført engasjementet med dei bransjestrategiske/finansielle rådgjevarane som har delteke i prosessen så langt. Det er svært viktig å ha tilgang til den uavhengige ekspertise som desse representerer.

#### *Finansiell rådgjevar*

Olje- og energidepartementet vil ha ein eigen finansiell rådgjevar med kompetanse, ressursar og erfaring frå liknande prosjekt, også som tilretteleggjar. Den finansielle rådgjevaren skal gi departementet råd og følgje opp tilretteleggjarane og dei andre rådgjevarane, kva gjeld alle sentrale råd og marknadstiltak desse legg opp til, for å sikre staten sine interesser. Finansiell rådgjevar vil også hjelpe ved sal av SDØE-eigardelar og vil mellom anna føreta naudsynte verdivurderingar av SDØE-eigardelar som vert tilbydd for sal til Statoil.

#### *Revisjonsfagleg ekspertise*

Olje- og energidepartementet vil dessutan i nær framtid velje eit revisjonsfirma som skal følgje opp prosessen og kome med revisorfaglege vurderingar og innspel.

### 2.1.2 Sal av SDØE-eigardelar

Regjeringa har i St.prp. nr. 36 tilrådd at SDØE-eigardelar tilsvarande 20 prosent av verdiane i SDØE inngår i ei restrukturering av det statlege engasjementet, med føresetnad om at staten oppnår tilfredsstillande vilkår. Eigardelane regjeringa legg opp til å selje til Statoil vil utgjere om lag 15 prosent, medan eigardelane ein legg opp til å selje til Norsk Hydro og andre selskap vil utgjere om lag 5 prosent.

Det vil innebere vesentlege utgifter å førebu og gjennomføre sal av SDØE-eigardelar.

#### *Geofagleg ekspertise*

Det er naudsynt å ha internasjonal geofagleg ekspertise, også med god kjennskap til norsk sokkel, som rådgjevar i samband med førebuing av sal av SDØE-

eigardelar. Det er avgjerande å ha tilgang på rådgjevarkapasitet med god forståing av ressursane og verdien av desse. Det skal mellom anna gjennomførast sertifisering av SDØE-eigardelane som vert tilbydd for sal til Statoil, Norsk Hydro og andre. Geofagleg ekspertise vil og vere viktig i forhold til forhandlingar med dei respektive selskapa. Med atterhald om vedtak i Stortinget forhandlar no Olje- og energidepartementet med Statoil om sal av SDØE-eigardelar til selskapet.

#### *Andre utgifter knytt til sal av SDØE-eigardelar*

Det må også gjennomførast uavhengige verdivurderingar av SDØE-eigardelane. I tillegg vil det vere utgifter knytt til sjølve gjennomføringa av salet (der honorar/provisjon kan utgjere ein vesentleg del).

### **2.1.3 Oppsummering**

Staten sine utgifter til førebuing av tiltaka i St.prp. nr. 36, inkludert utgifter til Olje- og energidepartementet sine rådgjevarar (norske og internasjonale juridiske, strategiske, finansielle og revisjonsfaglege rådgjevarar) i prosessen er førebels estimert til om lag 75 mill. kroner.

Utgifter knytt til førebuing og sal av SDØE-eigardelar er førebels estimert til om lag 60 mill. kroner og inkluderer; geofagleg ekspertise til rådgjeving og sertifisering av SDØE-ressursane, uavhengige verdivurderingar av SDØE-eigardelane og utgifter knytt til gjennomføring av salet (der honorar/provisjon kan utgjere ein vesentleg del).

Regjeringa ber Stortinget om ei løyving på 135 mill. kroner for å dekkje utgiftene nemnt ovanfor.

For å halde framdrifta i prosjektet, gjere det mogleg å inngå kontraktar og dekkje utgifter, har regjeringa ved kgl.res. 19.01.2001 gitt Olje- og energidepartementet fullmakt til å dekkje utgifter for inntil 20 mill. kroner fram til Stortinget har gjort vedtak om løyving.

Utgifter knytt til oppretting og drift av det nye selskapet som skal forvalte SDØE-porteføljen og utgifter til oppretting av det nye selskapet for transport av naturgass er ikkje inkludert i desse estimata.

## **2.2 Aksjesal og børsnotering av Statoil**

---

Regjeringa tilrår at det vert teke inn nye eigarar i Statoil tilsvarande 10-25 prosent av selskapet sin verdi. Det er tilrådd at dette skal skje ved utferding av nye aksjar i morselskapet Den norske stats oljeselskap a.s, i kombinasjon med sal av delar av staten sine aksjar, retta mot norske og internasjonale kapitalmarknader. Sal av SDØE-eigardelar til Statoil er tenkt gjennomført før børsnoteringa.

Aksjesalet skal gjennomførast av eit syndikat av internasjonale og norske verdipapirføretak, som er autorisert til å gjennomføre denne type oppgåver, og som har leiande marknadsposisjonar og solid erfaring frå tilsvarande transaksjonar. Desse vert ofte omtala som tilretteleggjarar.

Ved ei privatisering er det vanleg at oppdragsgjevar vel ei gruppe av tilretteleggjarar leia av 2-3 hovudtilretteleggjarar. Tilretteleggjarane vil få hjelp av

mellom anna juridiske rådgjevarar, revisor og eventuelt marknadsføringsrådgjevarar.

Hovudtilretteleggjarane vil leie syndikatet, koordinere oppgåvene til dei andre og ha ei leiande rolle i marknadsføringa av aksjane. Desse vil og vere ansvarleg for å førebu Statoil for børsintroduksjon og for å gi Olje- og energidepartementet og Statoil råd i prosessen.

Provisjonen til tilretteleggjarane vil mellom anna vere avhengig av marknadsverdien av selskapet og det salsprovenyet ein oppnår i transaksjonen.

For Telenor vart det avtala ein samla provisjon til tilretteleggjarane på 1,35 prosent, med tillegg av stimulansebasert godtgjering på 0,15 prosent, dvs. samla 1,50 prosent av salsprovenyet, jf. St.prp. nr. 66 (1999-2000).

Olje- og energidepartementet og Statoil har valt UBS Warburg, Morgan Stanley og DnB Markets som hovudtilretteleggjarar for aksjesal og børsnotering av Statoil. Det er avtalt ein samla provisjon til tilretteleggjarane (hovudtilretteleggjarane og dei andre i syndikatet) på 1,25 prosent med tillegg av stimulansebasert godtgjering på 0,25 prosent, dvs. at samla provisjon kan utgjere 1,50 prosent av salsprovenyet.

Salsprovenyet vil vere avhengig av verdien av Statoil på transaksjonstidspunktet og kor stor del av aksjane som skal seljast i første fase.

Provisjonen til tilretteleggjarane vert utbetalt etter at transaksjonen er gjennomført.

Sal av staten sine aksjar og børsnotering vil i tillegg til provisjon innebere utgifter til marknadsføring og andre utgifter knytt til førebuing og gjennomføring av transaksjonen.

Regjeringa har tilrådd at den statlege eigardelen i Statoil skal reduserast ved ein kombinasjon av emisjon og sal av delar av staten sine aksjar. Dei totale transaksjonsutgiftene (provisjon, marknadsføring og andre utgifter) skal ved ei slik løysing fordelast mellom staten og Statoil, relativt sett i forhold til grad av emisjon og nedsal. Statoil vil dekkje utgifter knytt til utferding av nye aksjar (emisjon). Utgifter knytt til statleg sal av aksjar vil staten dekkje. I tillegg vil det vere ei fordeling av dei andre transaksjonsutgiftene som nemnt ovanfor. Fordelinga av utgiftene mellom staten og Statoil skal regulerast i ein eigen avtale mellom staten v/Olje- og energidepartementet og Statoil. Staten sin del av utgiftene vil først verte klarlagt etter at transaksjonen er gjennomført.

Det er viktig å ha fleksibilitet m.o.t. salsløyvinga fram mot transaksjonstidspunktet.

Fordi det er knytt usikkerheit til verdien av selskapet, privatiseringsomfang og dermed salsprovenyet, og fordi det ikkje er teke nærare stilling til salsløyvinga, er det ikkje mogleg no å gi eit estimat på utgiftene knytt til aksjesalet og børsnoteringa av Statoil. Regjeringa vil difor leggje fram desse budsjettkonsekvensane for Stortinget på eit seinare tidspunkt.

### 3 Inntekter

Staten vil motta vesentlege inntekter frå sal av SDØE-eigardelar og ved statleg sal av aksjar i Statoil. I tillegg vil tiltaka innebere auka framtidig verdiskaping.

Kva SDØE-eigardelar som vert selt og tilhøyrande salspris vil vere avgjerande for salsinntektene. Inntekter frå sal av SDØE-eigardelar til Statoil vil og vere avhengig av oppgjersform. SDØE-eigardelar som vert selt til Norsk Hydro og andre vil staten motta oppgjer i kontantar for.

Det er ikkje teke endeleg stilling til kva eigardelar som skal seljast. Interesse frå selskapa og deira betalingsvilje, vil ha noko å seie for kva eigardelar som faktisk vert selt til dei respektive selskapa. Olje- og energidepartementet har med atterhald om vedtak i Stortinget starta forhandlingane med Statoil om sal av SDØE-eigardelar. Det er ikkje teke nærare stilling til oppgjersform i forhold til Statoil. På bakgrunn av dette er det ikkje mogleg no å seie kor store staten sine inntekter frå sal av SDØE-eigardelar til Statoil, Norsk Hydro og andre vil verte.

Inntekter frå aksjesal i Statoil vil vere avhengig av verdien av selskapet på transaksjonstidspunktet, privatiseringsomfang og salsløyving. Regjeringa har tilrådd at reduksjonen av staten sin eigardel i Statoil skal skje ved ein kombinasjon av emisjon og sal av delar av staten sine aksjar. Staten og Statoil vil då dele salsinntektene relativt sett i forhold til grad av emisjon og nedsal, tilsvarende som fordelinga av utgiftene. Staten vil motta inntekter frå sal av staten sine aksjar. Inntekter frå emisjon vil tilfalla Statoil. Då det ikkje er teke ei avgjerd om privatiseringsomfang og korleis staten sin eigardel skal reduserast, og fordi det er knytt usikkerheit til verdien av selskapet, kan ikkje regjeringa på noverande tidspunkt gi eit estimat på dei statlege inntektene.

Budsjettkonsekvensane knytt til inntekter frå sal av SDØE-eigardelar og inntekter frå statleg sal av aksjar i Statoil vert lagt fram for Stortinget på eit seinare tidspunkt.



## 4 Oppsummering

Regjeringa tilrår ei løyving på 135 mill. kroner på nytt kapittel 1801 Omstrukturering av staten sitt petroleumsengasjement, post 21 Spesielle driftsutgifter for å dekkje utgifter til førebuing av dei tilrådde tiltaka i St.prp. nr. 36 (2000-2001), medrekna utgifter til Olje- og energidepartementet sine egne rådgjevarar og utgifter knytt til sal av SDØE-eigardelar.

Budsjettkonsekvensane knytt til oppretting og drift av det nye selskapet som skal forvalte SDØE-porteføljen, utgifter til oppretting av det nye selskapet for transport av naturgass, inntekter frå sal av SDØE-eigedelar og utgifter og inntekter i samband med aksjesal og børsnotering av Statoil, vert lagt fram for Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Regjeringa legg opp til at inntekter frå sal av SDØE-eigardelar og inntekter frå statleg sal av aksjar i Statoil vert inntektsført Statens petroleumsfond. Sistnemnte krev ei endring i Lov om Statens petroleumsfond. Regjeringa legg til grunn at det ikkje vert kravd inndekning for utgiftene i samband med tiltaka i St.prp. nr. 36, i tråd med tidlegare praksis i liknande saker.

Ved førebuingane og ved inngåing av kontraktar vert det teke atterhald om avgjerd i Stortinget.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om løyving for 2001 knytt til førebuing av tilrådde tiltak i St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om løyving for 2001 knytt til førebuing av tilrådde tiltak i St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag til vedtak om løyving for 2001 knytt til førebuing av tilrådde tiltak i St.prp. nr. 36 (2000-2001) Eierskap i Statoil og fremtidig forvaltning av SDØE**

I

I statsbudsjettet for 2001 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1801 (nytt)		Omstrukturering av staten sitt petroleumsengasjement	
	21	Spesielle driftsutgifter	135 000 000

=====